

Årsrapport for Fjordly ungdomssenter - 2018

2018 har vore eit fint år med mange flotte arrangement. Talet på overnattingsarrangement og gjestedøgn har gått ned, mens talet på dagsarrangement har gått opp.

Arrangement

Acta sine arr. 14 stk:	9 leirar, teamdagar og 4 Storsamlingar
Regionen sine arr. 4 stk:	4 Storsamlingar
Fjordly sine arr. 19 stk:	9 pensjonisttreff, medarbeidarfest, basar, Orheimkveld, Fjordlyfestival, 1 dugnadsdag, 1 dugnadsleir og 4 Storsamlingar
Konfirmantleirar, 5 stk:	Vågsøy, Sande på Sunnmøre x 2, Selje/Eid og Luster
Kyrkjelydshelg, 1 stk:	Herøy frikyrkje
Selskap, 11 stk:	7 konfirmasjonar, 2 runde dagar, 2 bryllup
Minnestunder:	5 stk.
Julebord, 1 stk:	Måløy Normisjon/Fisken.
Skulebesøk, 3 stk:	Lundeneset VGS, Måløy VGS og Ålesund FHS
Dagssamlingar, 18 stk:	Firda Billag, Samemisjonen x 4, Vestskog, Vågsøy sokneråd, Totland og Rimstad utmarkslag, Fellesrådsmøte Eid og Selje x 5, Skavøypoll bedehus, Olden eldrelag, Skavøypoll sommarskule, Barnekoret Tusenfryd og Selje KRF
Andre arr. 2 stk:	MOT-dagar og pilegrimsovernatting
Utleige hytter:	Gloppen 1, Innfjord 2, Stadt/Davik 1, Måløyhytta 2, Selje 3 og Eid 1
Catering:	4 stk.
Gjestedøgn:	2382 (3082 i fjor)

Det har vore 26 arrangement med overnatting (28 i fjor) og 49 dagsarrangement (37 i fjor). Det betyr nokre færre arrangement med overnatting i høve til året før, og 700 færre gjestedøgn. Merk: overnatting i samband med selskap blir ført under overnattingsarr. og ikkje hytteutleige. Talet på dagsarrangement har stige markant. I tillegg har det vore diverse utleige av hyttene, noko til ulike firma, og vi har levert fire cateringar.

Arbeid utført

Året starta med at vi fekk på plass fornya kjøll og frys. Det var godt å få alle matvarene på ein plass, og sleppe å hente frysevarer frå kjellaren og Holmely, og kjølevarer frå hyttene. Ikkje lenge etter bygde Finn Bjarnastein og Atle Nøstdal takoverbygg på vestsida av hovudbygget. No er dørene her mindre utsett for været, og vi kan sette frå oss ting som står tørt. På Dugnadsleiren fekk vi mellom anna opp lamellar i matsalen. Dei fungerer veldig godt, og folk slepp å sitte med sola i auga. Torfinn Myklebust monterte lyddempingsplater i taket på matsalen i april, og leirsommaren blei mykje meir komfortabel enn før for leiarane. Kjell Arne Heggheim har starta med å grave og jamne til i skråninga mellom volleyballbana og veg til styrarbustaden. Planen er å få plen her og plen bak naustet.

Økonomi

Årsrekneskapen for 2018 viser eit underskot på kr. 252 115. Kr. 95 000 av gåveinntektene i 2018 gjeld Eidhytta og er overført til 2019, underskotet blir tilsvarande større. Fire avbestillingar frå store grupper siste halvdel av året, har ført til færre gjestedøgn og mindre driftsinntekt enn forventa. Avbestillingane skuldast ting Fjordly ikkje rår med, som lite påmelding og misforståing av dato. Det er uvanleg med så mange avbestillingar. Utgifter til løn har auka med kr. 53 800 i høve til 2017, fordi dagleg leiar har gått frå 80 til 100 % stilling.

Medarbeidarar

Til Medarbeidarfesten for frivillige og tilsette 7. desember, inviterte vi rundt 100 personar. Rundt 60 personar møtte opp, og det er rekord i tal gjestar. Det var ein kjekk fest med julemiddag, kakebord, allsong og underhaldning, der vi takka alle som har arbeidd på Fjordly på ulike måtar i 2018. To personar blei framheva spesielt: Torfinn Myklebust som har montert og betalt lydempingsplatene i matsalen, og Kåre Olav Morken, som har designa logo, t-skjorte og brosjyre for Fjordly. Vi er så glade for alle støttespelarane til Fjordly!

Tilsette

Fjordly har i 2018 hatt tre fast tilsette og to som jobbar timebasert, alle fem er kvinner. I tillegg har det vore åtte ungdomar (jenter) som har jobba timebasert som kjøkenassistentar.

Marte-Iren Lade	dagleg leiar	01.01 – 31.12	100 %
Heike Wallach	husmor	01.01 – 31.12	50 %
Randi M. Ytrehus	husmor	01.01 – 31.12	50% (sjukmeld heile året)
Aud Holvik Nordpoll	klesvask	01.01 - 31.12	timebasert
Anne Britt Sjøstad	kokk	01.01 – 31.12	timebasert
Kjøkenassistentar, ungdomar			timebasert

Fjordlystyret

Styret har i 2018 vore samansett av tre kvinner og fire menn, inkludert vara.

Alf Kåre Askeland	- leiar	01.01 – 31.12
Kim Rune Dalsbø	- nestleiar	01.01– 31.12
Anne-Marit Isene Hals	- styremedlem	01.01 - 31.12
John Olav Hoddevik	- styremedlem	01.01 - 31.12
Randi Stave Dalsbø	- styremedlem	01.01 – 31.12
Jermund Myklebust	- 1. vara	01.01– 31.12
Heidi Isene	- 2. vara	01.01 – 31.12
Marte-Iren Lade	- sekretær	01.01. - 31.12.

Styret har i løpet av året hatt 5 styremøter og handsama 51 saker.

Vi er svært takknemlege for alle som støttar Fjordly gjennom dugnad, gjevarteneste og bøn. Folk i alle aldrar brukar staden. Mange gjev uttrykk for at det er godt å vere her, og ein del reknar Fjordly som sin andre heim. Dette inspirerer oss og gjev oss tru på at Fjordly er ein viktig stad som Gud bruker til velsigning for mange.

Fjordly Ungdomssenter, Bryggja, den 05.03.19

Alf Kåre Askeland
Styreleiar

Anne Marit Isene Hals

Randi Stave Dalsbø

Kim Rune Dalsbø

John Olav Hoddevik

Marte-Iren Lade
Dagleg leiar